



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering for Berli Boligtun

Førespurnad om å trekke attende motsegn knytt til støy

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til oversending av 03.05.2021 med reviderte plandokument for detaljregulering for Berli Boligtun. Kommunen ber oss vurdere om vi kan trekke gjenstående motsegn til reguleringsplanen.

Statsforvaltaren fremma i brev av 14.02.2020 motsegn til planforslaget av omsyn til manglande avklaring av støy og barn og unges interesser. I brev av 25.03.2021 trakk vi motsegna til barn og unge. Vi oppretthaldt motsegna fordi planforslaget ikkje dokumenterer stille side og eigna uteopphaldsareal for alle bueiningar.

Støyrapporten er oppdatert. Det er no tilstrekkeleg dokumentert at alle bueiningar vil oppnå stille side og at dei er sikra eigna uteopphaldsareal.

Det er derimot ikkje sikra i føresegnene at «tilfredsstillande støynivå» betyr støynivå lik 55dB eller lågare. Med føresetnad av at dette blir innlemma i føresegnene kan vi **trekke motsegna** av omsyn til manglande støyavklaring.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.